

### Uttale til klage- gbnr 322/46 Mjåtveit

Uttale gjeld klage frå eigar av 322/46 på avslag på søknad om dispensasjon/fritak frå plankravet for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny bustad-322/46 Mjåtveit.


Viser til punkt 2.1 i klage:

Klager prøver i dette punktet å sannsynleggjere at det ligg vatn og avlaupsleidningar på deira eigedom som dei har rett til å kople seg til. Deler av VA-leidningar som omtalt låg opphavelag på 322/46. På grunn av tidlegare eigars mangel på signatur på dokument for tinglyste rettigheter vart me nøydte til å leggje VA-leidningar utanfor eigedomene 322/46. Ein liten del av leidningsnettlet ligg på gbnr 322/29 i den delen som i skyldskifte og skøytet er avsett til vegtrase` til eigedomane Gnr. 322 Bnr. 1,26,52,53,58,59,60,61,62. Underteikna vil understreka at det føreligg ingen avtale som gjer eigar av 322/46 rett til å kople seg på privat VA-leidningar.

Viser til punkt 2.2 i klage:

Klager opplyser at eigdommen har vegrett over 322/29. Dette er ikkje korrekt. Da tidlegare eigar starta arbeidet med å byggja veg over Bnr. 29 vart han gjort merksam på at Bnr. 46 ikkje hadde vegrett over Bnr. 29. I skyldskifte og skøytet for 322/46 står det ingenting om vegrett over 322/29. Dei andre eigedomane Gnr. 322 Bnr. 1,26, 52,53,58,59,60,61,62 har alle tinglyst vegrett over 322/29. Det er korrekt at det allereie før 1950 vart opparbeida jordveg av tidlegare eigar 322/1, men vegen var tiltenkt hovedbruket.


I 1975 fekk eigar av 322/46 opparbeida veg til si hytte og vegen er vist som stipla linje i kartet. Sjå utklipp under :



Vegen som var bygd, er fortsatt godt synlig i terrenget.

Frekhaug 16.05.23

Det er i områdeplanen Dalstø- Mjåtveistø satt av veg, vatn og avlaup for eigedomen 322/46. Sjøå utklipp under:



Veg som er tenkt nytta som tilkomstveg til 322/46 er i strid med områdeplanen. Det er planlagt gang og sykkelveg(SGG07) over gbnr 322/29.

Me meiner søknaden ikkje oppfylgjar krava til å gjeva fritak frå plankravet punkt 1.2.1 i KDP for Meland . Det vil også vera uheldig med å gjeva dispensasjon da denne vil vera i konflikt med områdeplan Dalstø - Mjåtveistø som er til behandling i kommunen.

Med helsing

For

HKH Bygg og Eigedom AS

.....Knut Henanger.....